



## MØTEPROTOKOLL

---

Utval Plan- og forvaltningsstyret  
Møtestad: Oppmøte på Heggmyrane  
synfaring kl. 09.00. Rådhuset  
etterpå.  
Møtedato: 04.09.2017

---

Start kl.:09.00, møtestart Rådhuset kl.11.15  
Slutt kl.:13.45.

### Til stades på møtet

**Medl.:** Morten Johan Vigdal, Anette Stegegjerdet Norberg, Anja Hilleren ,  
Knut Hauge.(leiar)

**Forfall:** Arne J Hauge, Emma Nyløy, Per Steinar Sviggum

**Varamedl.:** Kjetil Hovland, Oddny Urnes.

### Frå adm. (evt. andre):

Plansjef Arne I Lerum, synfaring og sak 49-53. Planleggjar Inger Handegård,  
synfaring og sak 49,50 og 52.

Kommuneplanleggjar Torunn Løne Vinje, sak 51.

Rådmann Jarle Skartun.

**Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.**

### SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
49/17	17/3727 <b>Godkjenning av møtebok og referatsaker.</b>
50/17	16/74 <b>Reguleringsplan for Heggmyrane - sentrale deler 3. gongs handsaming Plan id 1426-2013005</b>
51/17	16/1729 <b>Reguleringsplan Botn, Hafslo - 2. gongs handsaming, Plan-Id 14202016004 PlanID 1426-2016004</b>
52/17	16/1827 <b>Reguleringsplan for Sogn motorsportsenter, Leirmøygarden - 2. gongs handsaming Plan id 1426- 2015004</b>
53/17	17/1368 <b>Klagehandsaming - avslag på søknad om oppføring av naust i LNF-område, Moane, Hafslo - gbnr. 137/40</b>
54/17	17/504 <b>Forvaltningsplan for Ytamo naturreservat,- slutthandsaming</b>

- 55/17            17/3557  
**Handsaming av søknad om løyve til å køyre vegen Ilaget - Lø - Hodnane Aud Marie Øien**
- 56/17            17/3731  
**Ymse**
- 57/17            17/3706  
**Søknad om løyve til å køyre vegen Ilaget - Lø – Hodnane.**

**Underskrifter:**

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

49/17

### **Godkjenning av møtebok og referatsaker.**

#### **Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **VEDTAK:**

Framlagt:

- *Møtebok frå 06.06.17 vart godkjent. Anette Stegegjerdet Norberg og Knut Hauge vart valde til å skrive under protokoll.*
- Rapport over delegerte vedtak. –referert. Rådmann svara på spørsmål og kommenterte vedtak.
- Kopi av brev dat. 10.07.17 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedk. avgjerd i klagesak som gjeld oppføring av stølshus i Bakkedal. –referert. PFS drøfta innhaldet i avgjerda.  
Kopi av brev dat. 09.08.2017 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedk. vedtak i klagesak - detaljreguleringsplan for Sandal. –referert. PFS drøfta innhaldet i avgjerda.

50/17

### **Reguleringsplan for Heggmyrane - sentrale deler 3. gongs handsaming Plan id 1426-2013005**

#### **Handsaming:**

PFS starta møtedagen med synfaring på Heggmyrane. Dei som hadde kome med innspel til planen var varsla. Fleire møtte og tok del i synfaringa.

Etter synfaringa drøfta PFS planframlegget i møte på kommunestyresalen.

Via synfaring og drøfting gjekk PFS gjennom innkomne merknader.

PFS slutta seg til rådmannen si tilråding til planen med unnatak av nytt pkt der skytebana for skiskyting vert teken ut av planframlegget.

*Nytt pkt 1.9 i framlegget: Skytebana vert teken ut av planen. Området vert framleis regulert til skianlegg.*

Tilrådinga pkt 1.9,1.10 og 1.11 vert endra til 1.10,1.11 og 1.12.

Slik endring av planen krev utlegging til offentleg ettersyn på nytt;

*Tilråding pkt 2 og 3 går ut av vedtaket;*

*2)Det vert ny høyring for dei deler av planen som har endringar. Høyringsforslaget vert sendt dei grunneigarane endringane vil omfatte og høyringsfristen vert sett til 4 veker.*

*3)Dersom det ikkje kjem inn vesentlege merknader til høyringsutkastet rår plan- og forvaltningsstyret til at kommunestyret gjer slikt vedtak: «I medhald av reglane i § 12 - 12 i plan og bygningslova , vedtek Luster kommunestyre regulerings- framlegg for Heggmyrane – sentrale deler, plan-id 1426 - 2013005, datert 24.08.2017, som detaljreguleringsplan for området.*

Det vert teke inn slikt nytt pkt.2:

*I samsvar med PBL §12 - 10 vedtek Plan - og forvaltningsstyret å leggje nytt framlegg til reguleringsplan for Heggmyrane – sentrale deler , plan - id 1426 - 2013005, ut til nytt offentleg ettersyn med tilrådde endringar i kart og føresegner inkludert innarbeiding av pkt 1.9.*

Framlegget er etter dette samrøystes.

#### **VEDTAK:**

I samsvar med § 12 – 10 , i plan - og bygningslova, vert det rådd til at Plan- og forvaltningsstyret gjer slikt vedtak:

1. Plan - og forvaltningsstyret sluttar seg til vurderingar og tilråding knytte til innkomne merknader. Plankart og føresegner vert endra slik:
  1. Plankartet vert endra slik at omsynssone for bevaring av kulturmiljø H570\_1 vert utvida 20 meter mot nord slik at den omfattar landbruksvegen/turvegen som ligg nord for lokaliteten. H570\_2 vert utvida 20 meter mot nord og aust slik at den omfattar turvegen som går rundt fornminnet.
  2. Plankartet vert endra slik at det vert teikna inn tilkomst/gangveg til dei to tomtene BFR7 frå turvegen som går vidare frå SKV5. Turvegen går på oversida av tomtene og stoppar der. Vidareføring av turvegen gjennom område BSA6 må sjåast på i samband med planlegging av hoppanlegget
  3. Plankartet vert endra slik at heile Modvovegen vegen vert regulert som offentleg veg.
  4. Føresegnene § 5.3, om utleiehytter, blir endra ved at det blir teke inn slik setning i 1. avsnitt: «Veg gjennom området skal gå fram til vestgrensa for BUH1, for evt. vidareføring inn i området vestanfor.»
  5. Det vert innført rekkefølgekrav i føresegnene på bygging av hoppbakkar der dei to minste bakkane må byggast/realiserast før dei større bakkane kan byggast.  
Endra føresegner § 5.7. Hoppbakke BSA6  
«Det kan byggast tre hoppbakkar innanfor området. Det må takast særskilt omsyn til terrenghandsaming, dei to tomtene BFR7 og tilkomsten til desse, og nærleiken til jernaldergarden på Modvo og rydningsrøys. Før byggeløyve vert det stilt plankrav (jfr. føresegna sin §4.1). Detaljplan må bl.a. vise korleis området kan kryssast av turvegar både sommar og vinter. Det vert sett rekkefølgekrav der dei minste bakkane må byggjast før den største bakken.»
  6. Føresegnene - vert utvida slik:  
§ 6.1. Køyreveg – offentleg o\_SKV  
«Veg til skisenteret o\_SKV 1 og Modvovegen o\_SKV2 er offentlege køyrevegar.  
Regulert vegbreidde er 7 meter. Regulert vegbane er 5,5 meter. Regulert frisikt for kryss mot FV 55 er 10 x 120 meter. Ved behov må det utarbeidast detaljplan for krysset mellom FV 55 og Sogn skisenter veg SKV1.»
  7. Føresegnene - nytt punkt i § 6.1: o\_SKV5 har regulert vegbane 4 meter og 1,5 m veggrøft. SKV5 skal ikkje brøytast i skisesongen (desember – april).

8. Føresegnene, nytt punkt i paragraf 6.2: Køyreveg - annan eigarform SKV «SKV3 og SKV4 har annan eigarform. SKV4 er regulert med skogsbilvegstandard. Desse vegane kan stengast for fri motorisert ferdsel, men skal vere open for fri ferdsel til fots, i rullestol, i vogn og med sykkel».
9. Skytebana, vert teken ut av planen. Området vert framleis regulert til skianlegg.
10. Føresegnene - endra punkt 7.2. Turveg GT «Innanfor GT1 kan det byggast turveg med breidde maks 3 m. Traseen vist på kartet er omtrentleg. GT1 er felles tilkomst til den gamle jernaldergarden på Modvo og til framtidige hoppbakkar. GT2 skal berre fungere som skiløype om vinteren og skal ikkje opparbeidast for sommarbruk eller brøytast. Der turvegane kryssar gjerde må det vera grind som let seg opna. Grinder skal fjernast i skisesongen.»
11. Føresegnene, punkt 9.7 – 1. Dette punktet som gjeld varsling til Sogn og Fjordane Fylkeskommune vert fjerna.
12. Punkt 7.2.2 i planomtalen vert justert slik at SKV5 har eigarform offentleg veg.

2. I samsvar med PBL §12 - 10 vedtek Plan - og forvaltningsstyret å leggje nytt framlegg til reguleringsplan for Heggmyrane – sentrale deler , plan - id 1426 - 2013005, ut til nytt offentleg ettersyn med tilrådde endringar i kart og føresegner inkludert innarbeiding av pkt 1.9.

51/17

**Reguleringsplan Botn, Hafslo - 2. gongs handsaming, Plan-Id 14202016004  
PlanID 1426-2016004**

**Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

I saka er det lagt til grunn at saka skal sendast utbyggar for uttale. Utbyggar har allereide meldt tilbake at dei ikkje har merknader til dei tilrådde endringane i planframlegget. Planen kan såleis sendast kommunestyre etter oppdatering. (pkt 2 i tilrådinga går ut, pkt 3 i tilrådinga vert nytt pkt 2.)

**VEDTAK:**

I samsvar med §12 -10 i plan- og bygningslova, vert det rådd til at Plan- og forvaltningsstyret gjer slikt vedtak:

1. Plan og Forvaltningsstyret sluttar seg til vurderingar og tilråding knytte til innkomne merknader. Følgjande skal endrast og oppdaterast før oversending til kommunestyret for godkjenning:

**Plankart**

Desse punkta må leggjast inn / visast i plankartet:

1. Samferdselsanlegg:

- 15 meter byggegrense mot fv 337
- Frisiktsone på 10x84 meter i krysset frå FV 337 / hovudvegen inn i planområdet
- Frisiktsone i kommunalt vegkryss på 6x84 meter

2. Parkering

- Føremålet SPA må rettast til SPP i både i kart, teiknforklaring og føresegner
- Område SPP må regulerast til offentleg parkering.
- SPP2 må utvidast i lengderetning med minst 3 plassar, på anna veggrunn.
- Nytt område SPP vert etablert på friområde ved GT2/BRE2

3. Turveg

Turvegen skal fylgja den gamle postvegtraseen gjennom planområdet der den er intakt på strekninga frå BUN3 til SPP3.

4. Naust

- Naustområde BUN2 vert trekt nærare BUN3
- Føremålsgrensa for BUN1(mot nord) skal vera minst 3 meter frå bekken

**Føresegner:**

Kap 1.2 Reguleringsføremål

- Parkeringsplass SPA må samsvara med SPP i plankartet
- Naustområde BNU må samsvara med BUN i plankartet

Kap 2.1 a) 1. setning skal vera:

Før det vert gjeve løyve til gjennomføring av tiltak, herunder opparbeiding av veg, utbygginga av tomt og etablering av tekniske anlegg, skal det dokumenterast korleis omsynet til handtering av overflatevatn og aukande nedbørsmengd skal løysast.

5. Kulturminne

2.2 Nytt punkt:

*Før iverksetjing av bygging heimla i reguleringsplan, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminne id 223863 som er merka som område for føresegn # 2 i plankartet.*

*Tiltakshavar skal ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett .*

*Kulturminne med id 223862 som er merka som område for føresegn # 1 i plankartet, kan bli fjerna utan vilkår.*

Kap 3.9 Bustader konsentrert

Nytt pkt d

Det skal i BKS4 leggjast til rette for vegrett /enkel sti til nausta for eigedomane 155/168, 155/83 og 155/127 frå RV55 og eigedom 155/83, til køyreveg SKV 4.

Kap 3.12 Naust

Tillegg i pkt f) (merka kursiv)

Minimum eitt naust skal etablerast i BUN3 som fellesnaust for bustadområdet.

Naustet

kan nyttast til lager av felles utstyr for aktivitetar i og på vatnet.

### Kap 3.13 Leikeplassar

Nytt pkt a) :

Leikeplassar skal tilretteleggast etter prinsippet om universell utforming, minst 2 leikestativ, bord og benker. Minst ein leikeplass skal opparbeidast med sandkasse og utstyr som høver for born i aldersgruppa 0-6 år. Dersom det er areal for det kan det etablerast anlegg for ballspel, t.d. mindre ballbinge. Leikeplassen skal sikrast med gjerde og grind.

### Kap 3.14 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Nye punkt:

- f) Det skal vera ei frisisiktsone på 10x84 meter i krysset frå FV 337 / hovudvegen inn i planområdet
- g) Det skal vera frisisiktsone på 6x84 meter i kommunalt vegkryss
- h) Det kan ikkje etablerast gjerde i frisisiktsoner

### Kap 3.15 – Grøntstruktur

Pkt b) ny 2. setning:

Trase for turvegen skal samsvara med «postvegtraseen» på strekninga BUN1 - BUN3 – SPP3.

Nytt pkt f)

Nausta skal plasserast slik at det ikkje vert inngrep i den gamle postvegtraseen og minimale terrenginngrep.

### **Private rettar i planområdet:**

Utbyggjar har ansvar for å gjera avtale med dei som har private bruksrettar innanfor planområdet.

2. Plan og Forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak:  
«I medhald av reglane i §12-12 i Plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre reguleringsframlegg for Botn, Hafslo – Plan-Id 1426-2016004, datert .....(ny dato etter oppdatering.)

52/17

### **Reguleringsplan for Sogn motorsportsenter, Leirmoøyarden - 2. gongs handsaming Plan id 1426-2015004**

#### **Handsaming:**

PFS drøfta saka og slutta seg til Rådmannen si tilråding med unnatak av pkt 1e der vurderinga er at det ikkje er naudsynt med støyvoll mellom baner og vegkryss 604/ Leirdalen. Dette vert teke ut av tilrådinga.

Pkt 1 e vert tilrådd som i opphavelig formulering:

*1e: Reguleringsføresegnene §4.7:*

*4.7 Støyvoll Det skal byggast støyvoll mellom baner og garden Leirmo i sør-vest, slik som støyrapporten legg opp til. Støyvoll skal vera 2-3 meter over trase/bane. Støyvoll skal byggast inne på område for motorsport. Rekkefølgekrav: Støyvoll skal vera bygd før anlegget kan takast i bruk.*

I saka er det lagt til grunn at saka skal sendast utbygger for uttale. Utbygger har allereide meldt tilbake at dei ikkje har merknader til dei tilrådde endringane i planframlegget. Planen kan såleis sendast kommunestyre etter endring av føresegner, jf ovanfor. (pkt 2 i tilrådinga går ut, pkt 3 i tilrådingar vert pkt 2.)

### **VEDTAK:**

I samsvar med § 12 – 10 , i plan - og bygningslova, blir det rådd til at Plan - og forvaltningsstyret gjer slikt vedtak:

1. Plan - og forvaltningsstyret sluttar seg til vurderingar og tilråding knytte til innkomne merknader.

Planen får fylgjande endringar etter at den har vore ute til offentleg ettersyn:

a: Planområdet vert innskrenka ved at plangrensa i kartet vert flytta utanfor området som Leirdalen Bre og Juv disponerer.

b: Plankartet vert justert. Parkeringsplassen og klubbhuset vert flytta litt mot vest slik at den eksisterande innkøyringa til «lagerområdet» i skogen blir ståande som grense mellom framtidig parkeringsplass og naturområdet i aust.

c: Frisiktlinjer 6 x 115 meter også vert teikna inn på plankartet, som sikringsone frisikt.

d: Reguleringsføresegnene §4.6 Opningstider for motorsportsenter vert endra til: Mandag-fredag frå kl. 17.00 – 21.00 Laurdag-sundag kl. 10.00 - 15.00.

e: Reguleringsføresegnene §4.7 : (ingen endring.)

2. Plan - og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak: «I medhald av reglane i § 12 - 12 i plan og bygningslova , vedtek Luster kommunestyre reguleringsframlegg for Sogn motorsportsenter, Leirmøygarden, plan - id 1426 - 2015004, datert 22.08.2017, som detaljreguleringsplan for området. » (jf at føresegner, pkt 1e, vert endra tilbake til opphavsleg formulering.)

53/17

**Klagehandsaming - avslag på søknad om oppføring av naust i LNF-område, Moane, Hafslo - gbnr. 137/40**

**Handsaming:**



Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

Klagen frå Knut Kvam blir ikkje teken til følgje. Klagen blir sendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 andre og fjerde ledd.

54/17

**Forvaltningsplan for Ytamo naturreservat,- slutthandsaming**

**Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

I medhald av verneforskrifta for Ytamo naturreservat § 7 stadfestar Luster plan- og forvaltningsstyre forvaltningsplan for reservatet, og sender han til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg godkjenning.

I etterkant av høyring er SNO sin kartleggingsrapport for framande artar lagt til som vedlegg, elles er planen uendra.

55/17

**Handsaming av søknad om løyve til å køyre vegen Ilaget - Lø - Hodnane  
Aud Marie Øien**

**Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

Med heimel i motorferdselforskrifta § 6 får Aud Marie Øien løyve til å køyra mor si i bil til og frå hytta på Hornane i perioden 2017-2020.

Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og den som køyrer skal opptre omsynsfullt i møte med vilt, husdyr og menneske.

Meldinga om vedtaket skal medbringast i tilfelle oppsyn.

56/17

**Ymse**

**Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

Det vart etterspurt utvikling i bustadprosjekta; Salen, Beheim II og Verket II.  
*-Rådmann svara og kommenterte så langt han kjende sakene.*

57/17

**Søknad om løyve til å køyre vegen Ilaget - Lø – Hodnane.****Handsaming:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**VEDTAK:**

Med heimel i motorferdselforskrifta § 6 får Paul Morten Bjørk løyve til å køyra bil på vegen Ilaget-Lø-Hornane. Løyvet gjeld for sesongane til og med 2020.

Det skal ikkje køyrast meir enn naudsynt, og førar skal opptre omsynsfullt i møte med vilt, husdyr og menneske.

Meldinga om vedtaket skal takast med i tilfelle oppsyn.